

Arkivsak-dok. 20/01150-39  
Saksbehandler Kristian Skålhavn

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet	25.11.2020	
Kommunestyret	16.12.2020	

## Kommuneplanen sin handlingsdel 2021-2024, økonomiplan 2021-2024 og budsjett 2021

### Administrasjonssjefen si innstilling:

1. Vestnes kommunestyre vedtek kommuneplanen sin handlingsdel 2021-2024 slik det går fram av vedlagt dokument: Kommuneplanen sin handlingsdel 2021-2024, økonomiplan 2021-2024 og budsjett 2021.
2. Vestnes kommunestyre vedtek økonomiplan 2021 - 2024 slik det går fram av vedlagt dokument: Kommuneplanen sin handlingsdel 2021-2024, økonomiplan 2021-2024 og budsjett 2021.
3. Vestnes kommunestyre vedtek driftsbudsjett 2021 slik det går fram av fram av vedlagt dokument: Kommuneplanen sin handlingsdel 2021-2024, økonomiplan 2021-2024 og budsjett 2021.
4. Vestnes kommunestyre vedtek investeringsbudsjett 2021 med ei brutto investeringsramme på kr 30 060 000,-.

Følgjande investeringstiltak, som er **uprioritert**, er med:

	Føreslåtte prosjekt	Løyving 2 021
1	KommuneTV og telefoni	500 000
2	Asfaltering og opprusting av kommunale vegar	2 500 000
3	Trafikktryggingstiltak 50/50 prosjekt	400 000
4	Grøntaksen/leikeplass	1 500 000
5	Robotklippararar	250 000
6	Vågstranda kunstgrasbane	3 700 000
7	Avløp, generelt	5 000 000
8	Grønn sektor, bil	300 000
9	Myra kulturbygg, takreperasjonar	2 000 000
10	sentralkjøkken, tilleggsloyyving	6 500 000
11	Ombygging av areal til BUF	800 000
12	Lokaler til dagsentertilbod	1 100 000
13	Brannvarsling kommunehuset	300 000
14	Heimetenestene, bil til heimevaktmester	300 000

15	BUF - inventar og utstyr i nye lokalar	500 000
16	IKT – ROR	1 410 000
17	Eigenkapitalinnskott KLP	2 200 000
18	Brannvern, utstyr til brannberedskap i tunell	500 000
19	Vågstranda kyrkje, brannalarm	200 000
20	Vestnes kyrkjelege fellesråd, klippar til Vestneskyrkjegard	100 000
	<b>Sum ordinære investeringar</b>	<b>30 060 000</b>

Investeringane vert finansiert slik:

	Sum
<b>Låneopptak</b>	<b>20 410 000</b>
<b>Momsrefusjon</b>	<b>5 100 000</b>
<b>Sal av eigedom</b>	<b>2 200 000</b>
<b>Spelemidlar</b>	<b>1 000 000</b>
<b>Tilskott Husbanken</b>	<b>500 000</b>
<b>Tilsk. Vågstranda idrettslag</b>	<b>650 000</b>
<b>TS- tilskott</b>	<b>200 000</b>
	<b>30 060 000</b>

5. Vestnes kommunestyre godkjenner låneopptak på kr 20 410 000,- til finansiering av kommunen sine investeringar, jf. Kommuneleva § 14-15, 1. ledd. Ordførar får fullmakt til å godkjenne låneopptak og rentevilkår.

6. Vestnes kommunestyre godkjenner låneopptak på kr 20 000 000,- frå Husbanken vidareutlån/Startlån, jf. Kommuneleva § 14 -17 og bevilgning i investeringsbudsjettet. Ordførar får fullmakt til å godkjenne endelege lånevilkår.

7. Vestnes kommunestyre skriv ut eigedomsskatt etter §§ 2 og 3 i eigedomsskattelova.

8. I medhald av eigedomsskattelova § 3 bokstav a, skriv Vestnes kommunestyre ut eigedomsskatt for 2021 på alle faste eigedommar i heile kommunen.

På tidlegare skattlagte verk og bruk skriv Vestnes kommune ut skatt på næringsdelen (bygning og grunn). Ein skriv ut skatt på det særskilde skattegrunnlaget redusert med tre sjuandedelar i 2021 (overgangsregel til §§ 3 og 4, første ledd første pkt. i Eigedomsskattelova.

9. Skattesatsen vert sett til 4,0 promille for alle eigedommar jf. Eigedomsskattelova § 11, 1. ledd og § 13. Skattesatsen på det særskilde skattegrunnlaget er 4,0 promille.

10. Det vert ikkje rekna botnfrådrag for bustaddelen i bustadar og fritidsbustadar jf. Eigedomsskattelova §§ 11, 2. ledd.

11. Som standard vert det 4 betalingsterminar jf. Eigedomsskattelova § 25. Vestnes tilbyr fleksibel fakturering, der ein kan velje mellom 1, 4 eller 12 terminar etter visse reglar.

12. For utskrivning av eigedomsskatt på bustadeigedomar skal kommunen bruke Skatteetaten sitt formuesgrunnlag for dei bustadane der dette er berekna (§ 8 C-1 i Eigedomsskattelova). Elles skal Vestnes kommune sine gjeldande eigedomsskattevedtekter med revideringar vedtekne av Vestnes kommunestyre, nyttast.

13. Vestnes kommunestyre fritek etter § 7 i Eigedomsskattelova:

- a. Eigedom åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne kommunen, fylke eller staten.
- b. Eigedom som har historisk verdi

14. Vestnes kommunestyre syner til punkt 8.5 i vedlagt dokument: Kommuneplanen sin handlingsdel 2021-2024, økonomiplan 2021-2024 og budsjett 2021, og vedtek følgjande økonomiske måltal for planperioden:

a. Netto driftsresultat og storleik på disposisjonsfondet:

Kommunestyret vedtek budsjettet for 2021 i balanse, altså eit netto driftsresultat på 0 %.

Kommunestyret ber administrasjonen arbeide mot at ein ved neste rullering av økonomiplan kan vedta mål med ei åreleg opptrapping mot eit nettodriftsresultat på 1 % i 2024. I samband med dette skal disposisjonsfondet byggast opp tilsvarande.

b. Gjeldsgrad:

Med bakgrunn i planlagde investeringar kan ein ikkje sjå at det er mogleg å kome ned på anbefalt gjeldsgrad 75% i planperioden.

## Saksopplysninger

### Bakgrunn:

Kommuneplanen sin handlingsdel syner korleis Vestnes kommune skal følgje opp kommuneplanen som er vårt overordna styringsdokument, i tillegg til lovpålagde oppgåver og nasjonale styringssignal.

Årsbudsjettet er ein plan for korleis kommunen skal nytte sine økonomiske midlar og utgjer det første året av kommunen sin økonomiplan.

Økonomiplanen skal gje ei realistisk oversikt over sannsynlege utgifter, inntekter og prioriterte oppgåver i planperioden på 4 år. Budsjettet for det første året er bindande, medan økonomiplanen for resten av året er retningsgjevande. Plan og bygningslova § 11-1, 4. ledd, seier at økonomiplanen kan inngå eller rett og slett utgjere handlingsdelen. Desse ulike planane heng i hop og må sjåast i samanheng.

Ny kommunelov krev at vi skal vedta økonomiske mål. Kommunestyret vedtok i PS 98/20, at vi skal ha tre forskjellige økonomiske måltal: Netto driftsresultat, gjeldsgrad og storleiken på disposisjonsfondet. Måltala vert vedteke årleg i samband med vedtak om kommuneplanen sin handlingsdel, økonomiplan og årsbudsjett.

*Administrasjonssjefen syner elles til vedlagt dokument; Kommuneplanen sin handlingsdel 2021-2024, økonomiplan 2021-2024 og budsjett 2021, for bakgrunn og saksopplysningar.*

## Vurdering

Arbeidet med kommuneplanen sin handlingsdel, økonomiplanen og årsbudsjettet har vore svært krevjande. Dette med bakgrunn i at vi har endra tankesettet og framstillinga knytt til handlingsdelen, men ikkje minst å finne tiltak for å kome ned på budsjetttrammene. Vi står i ein svært krevjande økonomisk situasjon. Til dømes fin vi ikkje å kunne budsjettere med overskot i 2021, altså eit netto driftsresultat over 0 %. Her er det anbefalt med 1,75 %, noko som utgjer kr 10 mill. for Vestnes kommune. Vi står difor framfør ei stor omstilling for å redusere driftsnivået.

For å kome i mål med kommuneplanen sin handlingsdel, økonomiplanen og årsbudsjettet, har det kravd store prosessar med mange involverte partar. Administrasjonssjefen er derimot nøgd med resultatane frå prosessane og dei bidraga vi har fått frå heile organisasjonen og tillitsvalte. Oppsummert er det eit stort fokus på korleis vi i Vestnes kommune tverrfagleg og heilskapleg skal løyse utfordringane vi står ovanfor og at vi dermed over tid får ein berekraftig økonomi. Dette vil igjen gi handlingsrom for utvikle organisasjonen, gjere gode investeringar og gi gode tenester også i framtida.

Administrasjonssjefen syner elles til kommuneplanen sin handlingsdel 2021 – 2024 med økonomiplan 2021 – 2024 og budsjett 2021 for meir vurderingar. Sjølve dokumentet er stort og ein kan vurdere nest år å redusere talet på sider. Samstundes er det ein balansegang, for vi ønskjer at våre innbyggjarar og politikarar får god og tilstrekkeleg informasjon.

## **Vedlegg**

## **Særutskrift:**